

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 17.03. 2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Gjertrud Jacobsen  
**SAKA GJELD:** **Orientering om regionalt prosjekt om kreftkirurgi og annen elektiv kirurgi**

**ARKIVSAK:** 2017/1056  
**STYRESAK:** **046/18**

**STYREMØTE:** **05.04 2018**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret i Helse Vest tar informasjon om regionalt prosjekt for kreftkirurgi og annen elektiv kirurgi til orientering.

## Oppsummering

Helse Vest er i gang med å vurdere funksjonsfordeling innan kreftkirurgi og tiltak for å sikre god utnytting av samla kirurgikapasitet i regionen. Det er gjort kartlegging og analyser av datagrunnlag både for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi i regionen. Vidare ser prosjektet på andre faglege krav som Helsedirektoratet har satt til sjukehus som skal drive med kreftkirurgi. Både Helse Fonna og Helse Førde har lekkasje av pasientar til Helse Bergen som dei sjølve kunne tatt hand om. Prosjektet vurderer om det er mogleg å sette i verk tiltak slik at føretaka i større grad tar hand om pasientar frå eige opptaksområde.

Det vil bli lagt fram ny sak for styret i Helse Vest i september 2018.

## Regionalt prosjekt for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi

I styremøte 10.11.17 blei styret under administrerende direktør si orientering pkt. 5 sak 103/17 orientert om regionalt prosjekt for å vurdere funksjonsfordeling innan kreftkirurgi i Helse Vest. Dette både med bakgrunn i tidlegare styrevedtak om regional plan for kirurgi og nasjonale føringar.

I styringsdokumenta til helseføretaka for 2017 har dei fått følgjande oppdrag:

*Helseføretaka skal delta i arbeidet med gjennomgang av kreftkirurgi i regionen. Gjennomgangen vil bli basert på Helsedirektoratet sin rapport «Kreftkirurgi i Norge».*

For å sikre god utnytting av operasjonskapasitet i alle føretak og legge eit godt grunnlag for å oppretthalde akuttkirurgisk verksemd ved mindre sjukehus, skal prosjektet og vurdere mogleheitene for å flytte kirurgisk aktivitet frå store til mindre einingar.

Direktørmøtet supplert med tillitsvalde er styringsgruppe for prosjektet, leia av administrerende direktør i Helse Vest. Prosjektgruppa blir leia av fagdirektør i Helse Vest og består av brukarrepresentant samt fagdirektør og ein fagperson frå kvart føretak.

## Mål for prosjektet

For å følgje opp krav i Nasjonal helse- og sjukehusplan og føringar i oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest om kreftkirurgi skal det skal utarbeidast forslag til

- ny funksjonsfordeling for kreftkirurgi i Helse Vest basert på rapporten «Kreftkirurgi i Norge» IS-2284
- tiltak for god utnytting av samla kirurgikapasitet i regionen

## Oppgåver for prosjektet

Utgreiing og diagnostikk, etterbehandling og eventuell palliativ behandling skjer i dag i stor grad lokalt og utgjør den største delen av kreftbehandlinga i sjukehusa (jf. regional plan for kirurgi i Helse Vest). Det er den potensielle kurative delen av behandlinga som omfattar

kirurgi som skal vurderast i dette arbeidet. Funksjonsfordeling for ikkje-kirurgisk kreftbehandling er ikkje omfatta av arbeidet.

Prosjektet skal vurdere gjeldande funksjonsfordeling innan kreftkirurgi i Helse Vest opp mot gitte nasjonale føringar. Både føringane som er lagt i regional plan for kirurgi om kreftkirurgi og faglege krav til verksemda og volum som er gitt nasjonalt, må leggest til grunn for framtidig funksjonsfordeling.

Prosjektet skal og avklare om flytting av kreftkirurgi gir ledig operasjonskapasitet som kan nyttast til andre inngrep.

### **Status**

Prosjektet har arbeidd grundig med å få fram eit godt datagrunnlag for aktivitet innan kreftkirurgi i regionen som alle føretaka sluttar seg til basert på data frå Norsk pasientregister. Vidare er det gjort ei kartlegging av faglege krav som er satt av Helsedirektoratet til verksemder som skal drive med kreftkirurgi for alle føretaka.

I arbeidet blir det sett på korleis kreftkirurgien er organisert i dei andre regionane, og for utvalde kreftformer korleis den er fordelt i Sverige og Danmark.

Dette vil bli lagt til grunn i vurdering av funksjonsfordeling for kreftkirurgi. Når Helsedirektoratet har utarbeidd krav til kreftkirurgi i Noreg er det ikkje tatt omsyn til annan type verksemd i sjukehusa. Dette er noko som prosjektet må ta omsyn til. Kreftkirurgisk verksemd må vurderast saman med annan verksemd i føretaka. Det kan i nokre tilfelle være aktuelt med kompenserande tiltak for å vidareføre det kreftkirurgiske tilbodet. Døme på kompenserande tiltak kan være tett fagleg samarbeid mellom føretaka ved faglege møter om enkeltpasientar eller utveksling av personell. Det finnes i dag slike tiltak innan nokre av kreftområda i regionen, og prosjektet er og i ferd med å kartlegge desse. Eventuelle kompenserande tiltak må i så fall formaliserast med skriftlege avtaler mellom sjukehusa. Brukarrepresentanten i prosjektet har lagt vekt på at krav frå Helsedirektoratet er det beste skjønnet vi har og at vi må ha gode argument for å avvike krav.

Prosjektet vil til slutt gjere grundige vurderingar av korleis krav frå sentrale myndigheter skal følgjast samstundes som og lokale omsyn må tas.

Prosjektet har også kartlagt annan elektiv kirurgi, og ser at det er ein del lekkasje spesielt frå Helse Fonna til Helse Bergen, men også frå Helse Førde til Helse Bergen for pasientar som desse føretaka kan ta hand om sjølve. Av ulike årsaker vel desse pasientane Helse Bergen framfor eige føretak. Prosjektet vurderer om det er tiltak ein kan setje i verk slik at Helse Fonna og Helse Førde i større grad kan ta hand om heile pasientgrunnlaget sitt innan «vanleg» kirurgi. Dette vil og være viktig innan nokre av kreftområda for å sikre høgt nok volum.

Prosjektet planlegg siste prosjektgruppemøte 2. mai og vidare behandling i styringsgruppa i juni. Det vil bli lagt fram sak for styret i Helse Vest september 2018.